

Vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8 til 12

Reguleringsplan for Flåmyrane III, planID 20220001, 13.05.2025

§ 8.(kunnskapsgrunnlaget)

Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.

Vurdering:

Kunnskapsgrunnlaget baserer seg på eksisterende kjelder som er tilgjengelege i kommunen sine temakart, Naturbase, Vann-nett og Artsdatabanken. Reguleringsplanen har teke høgde for eksisterende kunnskapsgrunnlag og sikra omsynet til naturmangfald i plankart og føresegner. Kunnskapsgrunnlaget vurderast som oppfylt.

I NiN-kartlegging utført i 2022 er det i planområdet registrert fleire område med boreal hei (VU - sårbar), med stor og middels verdi, samt trua artar. Kommunen har difor stilt krav om konsekvensutgreiing av naturmangfald på bakgrunn av dette. KU syner at boreal hei i dette området er i gjengroingsfase på grunn av opphøyr i beite, og på sikt vil gå over til ein annan naturtype – skogsmark. Nordvestleg del av planområdet er lagt inn med grøntområde, samt buffersone mot boreal hei utanfor planområdet, etter råd frå Statsforvaltaren.

Arealtypekartlaget AR5 er noko mangelfullt når det gjeld myr og vasspeglar i området. Kommunen har gjennomført synfaringar i planområdet, både med og utan tiltakshavar. Ved hjelp av flyfoto og synfaringar er myr og vasspeglar i stor grad undersøkt, og det er gjort tilpassingar i plankartet for å ivareta flest mogleg av desse.

Naturtypar og arter:

- NiN-kartlegging 2022. Den trua naturtypen *boreal hei* er registrert i planområdet.

- Raudlisteartar: I planområdet er det registrert artar av nasjonal forvaltningsinteresse: rein (*nær truet* NT), flekkgrisøre (*nær truet* NT) og heilo (*nær truet* NT).
- Framandarter: Det er gjort funn av hagelupin (høg risiko) i planområdet. Det er lagt inn føresegner for avbøtande tiltak for å hindre vidare spreiding. Det er sikra i føresegnene at det ikkje er tillate med utsetting av framande arter på tak og elles.

Villrein:

- [Regional plan for Hardangervidda 2019-2035 \(2021\)](#) Planområdet ligg innanfor Utbyggingssone - *Områder preget av relativt tett bebyggelse og anlegg for fritidsboliger og reiseliv, men sonen skal også ha tydelige grønne strukturer.*
- Delar av planområdet ligg innanfor *Villrein leveområde*, registreringsdato 2008 ([Miljødirektoratet – Naturbase faktaark](#))
- Villrein er greia ut i KU – denne er vurdert å vera tilfredsstillande av kommunen.

Vannmiljø og vann-nett

- Plangrensa i aust er lagt inn til Tyrvelibekken (016-2777-R), som har *svært god* økologisk tilstand. Tiltaka i reguleringsplanen vil ikkje påverke den økologiske kvaliteten på bekken.

§ 9.(føre-var-prinsippet)

Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

Vurdering:

Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som godt utgreidd. Området som er ynskt utbygt er avsett til noverande og framtidig fritidsbusetnad i kommunedelplan Vågslid (vedteke i 2019). Området er NiN-kartlagt i 2022. Tiltakshavar har fått krav til konsekvensutgreiing på bakgrunn av registrert trua natur i eksisterande kunnskapsgrunnlag. Kunnskapsgrunnlaget for naturmangfald knytt til planen blir vurdert å vera tilstrekkeleg, og gir et godt grunnlag for at naturmangfald blir teke omsyn til i planen. Føre-var-prinsippet i naturmangfoldloven § 9 blir derfor ikkje vurdert til å vera relevant.

§ 10.(økosystemtilnærming og samlet belastning)

En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.


Vurdering:

I planarbeidet er det vurdert om planen vil ha en negativ påverknad på landskap og økosystemer, naturtyper og arter. Planen opnar opp for omdisponering frå *boreal hei* i gjengroing til byggeområde. Deler av lokaliteten for denne naturtypen vil gå tapt. Planen vurderast difor til å ha noko verknad i form av auka samla belastning på naturmangfaldet, jf. naturmangfaldlova § 10. Det er ikkje kome fram andre tydlege negative konsekvensar, sidan omsynet til naturmangfald er sikra i plankart og føresegner, til dømes omsynssone bevaring naturmiljø (furu, myr, våtmark og vasspegjar), byggjegranser, omsynssoner

kring gamle furutre, mm. Destinasjonen Vågslid og planen legg opp til gode kanaliseringstiltak for å avgrense ferdsel inn i sårbart villreinområde.

Villrein:

- Reguleringsplanen gjeld ei fortetting og utviding av eksisterande hyttefelt i tråd med overordna plan (kommunedelplan Vågslid).
- Området er satt av til utbyggingsområde i Regional plan for Hardangervidda 2019-2035.
- Det er utført ei kvalitetsnorm som skildrar tilstanden til villreinen, og Hardangervidda villreinområde blei i 2021 klassifisert til dårleg kvalitet. Det er gitt uttale frå Statsforvaltar at ei auke i einingar i dette området vil kunne føre til auka ferdsel ut i villreinområde. Auka ferdsel i villreinområdet kan føre til at villreinen unngår området, og føre til oppstykking av leveområde. Det er difor viktig med gode kanaliseringstiltak i heile destinasjonen Vågslid, som denne reguleringsplanen er ein del av. Sti- og løypeplanen for Vinje kommune er eit tiltak for å kanalisere ferdsel i desse områda.
- I Vågslid er det etablert kanaliseringstiltak som styrkjer målet om å trekkje ferdselen vekk frå heiområda. Det er eit godt opparbeidd løypenett vinterstid, men også i barmarksesongen er ljosløypa, og turar i nærområdet gode tiltak som er mykje bruka, særleg ljosløypa. I Vågslid er spesielt ljosløypa, vasseventyret, sykkelveg, badeplassar, rekreasjonsområde kring vatn, interne vegar i og mellom hyttefelta, samt aktivitetane/tilboda og skibakkane i Haukelifjell skisenter med på kanalisere folk vekk frå sårbart villreinområde. Det er sikra eksisterande friområde innanfor planområdet som blir nytta mykje av hytteeigarane. KDP Vågslid har eit krav til tilknyting på sykkelsti, som i plankartet er lagt inn der trase for høgspent har blitt lagt i jord.
- Rapport [Reiseliv og ferdsel fra de tyngre reisemålene rundt Hardangervidda](#) (2010) viser til at utleigeeiningar ofte nyttar tilrettelagte stiar og løyper/aktivitetar kring planområdet og i tilknyting til reiselivsaktivitetar på grunn av at dei ofte er der i ei avgrensa tidsperiode. Ein stor del av einingane innanfor planområdet er tilknytt utleigeeiningar (100 stk.). Desse vil truleg ikkje vera dei som ferdast mest ut mot sårbare villreinområde, ref. rapporten frå Asplan Viak 2010. Figur 1 frå rapporten under syner bruksområde vinter i grønt.



Figur 1. Kartbilde fra rapporten [*Reiseliv og ferdsel fra de tyngre reisemålene rundt Hardangervidda*](#) (2010).

Boreal hei:

- Det er kartlagt fleire område med boreal hei (*sårbar VU*) i planområdet. Boreal hei i dette området er i gjengroingsfase på grunn av opphør i beite, og på sikt vil gå over til ein annan naturtype – skogsmark. Nordvestleg del av planområdet er lagt inn med LNF, samt buffersone mot boreal hei utanfor planområdet (omsynssone bevaring naturmiljø), etter råd frå Statsforvaltaren.

§ 11. (kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver)

Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

Vurdering:

Naturmangfoldlova § 11 set krav til at kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar. Dette blir sett på som oppfylt i detaljreguleringsprosessen. Det blir også føresett at mest mogleg

miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar blir nytta i utbygginga av tiltaket, og at føresegnene i naturmangfaldlova § 12 blir oppfylt.

§ 12.(miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)

For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.

Vurdering:

Det er lagt inn føresegner som skal sikre at det nyttast miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder for å minimere påverknaden på naturmangfoldet. Det er føresegner for å hindre spreiding av framande artar, føresegner for å ta vare på monumentale furutre, samt bevaring av dødt trevirke og naturmangfald knytt dette, og føresegner om bruk av geotekstil og kavledekke over myr for å avgrense skader ved vegutbygging. Større samanhengande myrområde, opne vasspegjar, område med gamle furutre er sett av med omsynssone bevaring naturmiljø i plankartet med tilhøyrande føresegner som hindrar øydelegging av økosystemtenester. Nokre mindre myrområde vil gå tapt som byggeområde eller infrastruktur.

Samla vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8 til 12

Kommunedirektøren rår til at fylgjande tekst blir teke inn i vedtaket til reguleringsplan Flåmyrane III, planID 20220001:

Kunnskapen som ligg til grunn med omsyn til førekomstar av naturmangfald og effektar av planen, og omsyna som er teke i plankart og føresegner blir samla sett vurdert å oppfylle føringar om berekraftig bruk gjeve i §§ 8 til 12 i naturmangfaldlova kap. II, med mogleg unntak av for villrein. Etter ei totalvurdering vil utbygginga kunne føre til auka ferdsel inn i villreinområdet som kan ha negativ påverking på villrein. Det er viktig å arbeide med kanalisering, informasjon og andre tiltak for å bøte på dette.